



KJÆRE 1. klassing



Likar du å gå på skulen? Veit at kyrkja har eigen skule for deg som er 6-7 år, kalla Dåpsskule?

Velkommen til DÅPSSKULE

Stad: Nedstrand kyrkje

Opplegg: 4 samlingar + gudsteneste!

Måndag 25.april – Kl. 17.00-18.30 Tema : Jesus og barna og velsigning/dåpen
Første «skule» dagen skal du få komme til kyrkja saman med ein vaksen og du får den fine boka "Tre i eit tre" som handlar om tre gode vener som er like gamle som deg og har ein «hemmeleg klubb»! Vi skal lese litt, synge, lære om Jesus og dåpen – og lage ei due!
Så skal vi møtast igjen etter skuletid og på gudsteneste i kyrkja:

Onsdag 4.mai - kl. 12.45 -14.30

Tema: Bønn/Bartimeus

Onsdag 18.mai - kl. 12.45 -14.30

Tema: Dele / Vennskap/Sakkeus

Onsdag 1.juni - kl. 12.45 -14.30

Tema: Nytt liv/påske-pinse

Søndag 12. juni - kl. 13.00 -14.00

Bli med då vel! Eg trur vi kan få det kjempekjekt ilag!

Venleg helsing Janne + gode hjelparar

Påmelding helst innan 21.april : **Tysvaerkirken.no**

Sjå meir info til foreldre/føresette på eige ark !

For spørsmål/om de ikkje er på nett – kontakt meg;

Janne Eide, kyrkjelydspedagog, tlf 47 23 03 58

kyrkje
nær
I TYSVÆR

Kyrkja i Tysvær
postboks 30
5575 Akssdal
telefon sentralbord
52 75 77 00
faks 52 75 77 10
e-post:

kyrkja@tysver.kommune.no
www.tysvaerkirken.no

Kyrkjjenær

Kvart år blir omlag 120 barn døypte i Tysvær kommune.
Kyrkja ynskjer at barna skal få ei nærare oppleving
av trua dei er døypte til. I Kyrkjjenær vil vi ta barna på alvor
som fullverdige medlem av kyrkja.

Kyrkja skal vere nær i barnet sitt liv og barnet nær i kyrkja sitt liv!

I 2003 vedtok Stortinget
at alle døypte barn har rett til trusopplæring.

Kyrkjelydane i Tysvær
har fått innvilga støtte til
å gi kvart årskull i alderen 0-12
ein årleg invitasjon til å vere med
på ein aktivitet i kyrkja.
Invitasjonane vil gjelde alle barn,
uansett funksjonsnivå.

Gjennom kjekke opplevingar og arrangement
i kyrkja ynskjer vi å gi barna større kjennskap
til kristen tru og praksis,
tildomes dåp, nattverd, sang og musikk, gudsteneste,
jul, påske, og ansvaret vårt for skaparverket
og medmenneska våre.

Kyrkjjenær skjer i samspel mellom menneske
i dei tre sokna i Tysvær, og i samarbeid med lokale
lag og organisasjonar.

Kyrkjjenær kvart år:

- | | |
|-----|---|
| 0 | Babysong |
| 1-3 | Dåpshelsingar på dåpsdagen |
| 4 | Familiegudsteneste med utdeling av barnebibel |
| 5 | Julevandring/ julekrybbeverkstad |
| 6 | Dåpsskule |
| 7 | Haustattakkefest |
| 8 | Aktivitetsdag i kyrkja på ein planleggingsdag |
| 9 | Aktivitetsdag i kyrkja på ein planleggingsdag |
| 10 | Utdeling av Bibelen |
| 11 | Overnatting i kyrkja |
| 12 | Alternativ Halloween-feiring |

Kvart årskull vil få ein eigen invitasjon
i posten til sitt arrangement !





Kjære foreldre/foresatte

Vi vil ønske 1. klassingen dykkar velkommen til dåpsskule i Nedstrand sokn 2022!

**Bakgrunn og innhald i dåpsskulen kan de lese om nede på sida her.*

*Tid og stad og tema** for samlingane står på invitasjonen.*

INFO

- Dåpsskulen er gratis.
- På den første samlinga, ynskjer vi at ein vaksen (foreldre, besteforeldre, fadder) er med på samlinga. Barnet vil ta imot boka si på denne samlinga.
- Til samling 2-4 er det viktig at heimen gjev beskjed til skulen/SFO at barnet skal gå på dåpsskulen. Vi avtalar vi med klasseleiaren når og kor vi hentar barnet på skulen. Send gjerne med ekstra nistepakke desse dagane. Vi serverer frukt og drikke.
- På gudstenesta er heile familien, og spesielt fadrane velkomne. Meir info om dette kjem.
- Vi ønsker alle barn som går i 1. klasse velkommen til dåpsskule, uavhengig om barnet er døypte eller ikkje. Kjenner de ein 1. klassing som ikkje har fått invitasjon, så venlegst ta kontakt med meg!

I PÅMELDINGA skriv de inn på kommentar :

- om barnet skal tilbake til SFO, ta buss (her følger vi) eller bli henta etter samlinga. Venlegst send meg sms ved endringar undervegs!
- Om behov for tilrettelegging/mataallergi
- Dersom bilde av barnet ditt ikkje skal publiserast
- Om du kan tenke deg å vere med å hjelpe til! Skriv dato!

Påmelding på nett innan **21.april** : **Tysvaerkirken.no**

For spørsmål/om de ikkje er på nett – kontakt meg; Janne Eide, kyrkjelydspedagog, tlf 47 23 03 58

* Kvar gong eit barn blir døypt, blir desse orda sagt til foreldre og fadrar:

*”De som i dag ber dette barnet til Kristus skal vere vitne om at han/ho er døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande. **Saman** med denne kyrkjelyden og heile vår kyrkje, får de del i **eit heilagt ansvar**: Å be for barnet, læra det sjølv å be og hjelpa det til å bruka Guds ord og Herrens nattverd, for at det kan verta verande hjå Kristus når han/ho veks opp, liksom han/ho ved dåpen vert sameint med han.”*

Dåpshandlinga inneber eit ansvar – ikkje berre for foreldre/fadrar, men òg for kyrkjelyden. Det er dette som er bakgrunnen for å drive dåpsskule, og hjå oss er dåpsskulen ein del av trusopplæringsprosjektet ”Kyrkjenær.” Born som ikkje er døypte er sjølv sagt òg velkommen.

** Kvar gong har vi eit hovudtema. Temaet blir belyst gjennom ein bibeltekst og eit utvalt avsnitt frå boka ”Tre i eit tre” av Runar Bang. Forteljingane frå boka vert brukte til å skape samanheng mellom budskapen i Bibelen og det livet borna lever. Elles vil samlingane innehalde både song, forming, oppgåver, måltid og leik.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Tysvær

